

Samarbeidsforum Vats / Styremøte i Vats Grendeutval

Torsdag 15.09.11 hos AF Decom på Raunes kl 19:30

Desse møtte: Jon Olav Velde
Kristin Ove Skare
Åsmund Kalstveit
Anne Nesheim Myhre
Severin Fatland
Hilde Fadnes Hølland

Sak 1. AF orienterer om arbeidet på miljøbasen

Fyrste del av møte vart halden saman med Samarbeidsforum Vats, kor det blei tatt opp:

- Ny aktivitet ved miljøbasen
- Utfordringar ved miljøbasen i seinare tid

Me fekk ei god orientering om kva som rører seg på miljøbasen. Ewy M. H. Lærdal samt Pål Brekke frå AF Decom kom med positiv og oppklarande informasjon.

Andre som deltok var Tor Gunnar Skaar frå Vindafjord kommune.

Sak 2. Reguleringsplan for sykkel- og gangsti Knaphus – Kårhus

Jon Olav orienterte om saka. 26.08.11 var det eit møte saman med Arne Bergsvåg og forskjellige bedrifter i Vats om å laga til eit spleiselag saman med kommunen som kan få inn pengar til ei reguleringsplan. 21 bedrifter blei invitert og det er sendt ut brev til alle desse.

Jon Olav fekk også med komande fylkesordførar, Janne Johnsen, på befaring. Her orienterte han om situasjonen og ønsket om sykkel og gangsti. Han forklara også om kor farlig og uoversiktleg Knaphuskrysset er samt vegen ut frå Knaphusfeltet.

Sak 3. Aksjon Vatsvassdraget

Jon Olav orienterte om saka. 24.mai i år blei det holdt eit koordineringsmøte kor ei arbeidsgruppe blei satt i sving. Harald Velde er prosjektleiar og koordinator i denne gruppa. Gruppa er samansatt av representantar frå Vats bondelag, Vats grunneigarlag, Vindafjord kommune (landbruksavd.), Haugaland landbruksrådgjevning og grendeutvalet.

Dei aktuelle tiltaka som er tekne opp er, tidspunkt og vertilhøve for spreiing av naturgjødsel, lagerkapasitet for naturgjødsel, ugjødsla randsoner mot elvar og bekker, kantsonevegetasjon samt reinseparkar. Kommunen har løyvd 75 000 kroner til prosjektgruppa dette året.

Sak 4. Møteplan for hausten 2011

Me har satt opp følgjande dagar for møte:

- Tysdag 25. oktober
- Folkemøte/årsmøte 16. november

Forslag til saker kan sendast til Hilde eller Jon Olav.
Det blir også annonseret møter på Vatsnett.com.

Sak 5. Andre saker

1. Innkalling til "Halvårsmøte" i Vindafjordhallen.

Det skal vara møte i Vindafjordhallen om situasjonen der 26.09.11. Her møter Jon Olav og Anne Nesheim Myhre som er varamedlem.

2. Lysprosjekt ved sykkel- og gangsti langs E 134 i Øvre Vats

Jon Olav orienterte om dette og har innhenta anbud på 30 tremaster frå Haugaland Kraft. Det er meiningsa at arbeidet skal gjerast på dugnad men breidbandskablar som ligg i traseen gjer at dette arbeidet er vanskeleg å gjer på dugnad då ein ikkje vil risikera å øydelegga noko. Teknisk etat jobbar med saka.

Kopi:

Vindafjord kommune
Vatsnett.com

For Vats Grendeutval, 22.09.2011

Hilde Fadnes Hølland

-skrivar-